



# MELDING OM TAKST OG SKATT

## INFORMASJON OM ALMINNELEG TAKSERING I GLOPPEN KOMMUNE

### Taksering av eigedomane i Gløppen kommune

Gløppen kommune skriv ut eigedomsskatt på alle eigedomar i kommunen frå og med skatteåret 2018. Eigedomsskatten vert skriven ut i samsvar med eigedomsskattelova, samt vedtekter vedtekne av kommunestyret. Kommunestyret har fastsett eigedomsskattesatsen for 2018 til 4 promille for bustad- og fritidseigedomar, og 7 promille for øvrige eigedomar, utan bruk av botnfrådrag.

I løpet av 2017 har kommunen kvalitetsheva det offentlege eigedomsregisteret, matrikkelen, og gjennomført taksering av alle bustad- og fritidseigedomar. Takstane på eigedomane gjev grunnlag for utskriving av eigedomsskatt frå og med 2018 og dei neste ti åra, dersom det ikkje skjer endringar på eigedomen.

Taksten på eigedomen går fram som følge av blant anna verdianalyser av området, faktaopplysningar om tomt og bygningar og ei skjønsmessig vurdering av kvar enkelt eigedom. Takstane er vedtekne av ei politisk utnemnt nemnd, som er ansvarleg for å finne tilnærma marknadsværdi for eigedomane, jfr. Eigedomsskattelova sin § 8 A-2 Verdet:

*«(1) Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, bruksegenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstillhøve ved fritt sal.»*

Alle eigedomar som skal takserast er synfart og fotografert. Synfararane har kontrollert faktaopplysningar for alle bygningar som skal takserast, mellom anna bygningstypar og bruksareal fordelt på etasjar, og gjort vurderingar om forhold på og rundt eigedomane som påvirkar den einskilde eigedom sin verdi.

### Berekning av takst og skatt

Takstnemnda har vedteke sjablongverdiar for bygningar og tomter. Sjablongverdiene multipliserast med avgiftsareal for bygningar (bruksareal multiplisert med etasjefaktorar) og med taksert tomteareal. Vidare multipliserast dette med dei skjønsmessige vurderingane av eigedomen.

*(Avgiftsareal bygningar \* sjablong + taksert tomteareal \* sjablong) \* Vurderingsfaktor Indre \* Vurderingsfaktor Ytre \* Sonefaktor*

### Fritak frå eigedomsskatt

Enkelte eigedomar skal ha heilt eller delvis fritak frå eigedomsskatt. Dette går fram av § 5 i eigedomsskattelova.

Kommunestyret i Gløppen har for 2018 friteke heilt eller delvis «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten», i samsvar med § 7 a i eigedomsskattelova, og «bygning som har historisk verdi» i samsvar med § 7 b. Komplette liste over dei eigedomane og bygningar som vert fritekne er lagt ut til offentlig ettersyn. Eigar/festar som meiner dei skulle ha hatt fritak, men ikkje har fått det, kan søkje om fritak.

### Samanføring

Eigedomar på same gardsnummer med fleire bruksnummer kan søkje om samanføyning med kommunen. For nokre eigedomar vil samanføyning kunne gje redusert tomtetakst. Samanføyning er kostnadsfritt.

### Offentleg ettersyn:

Skatteliste, fritaksliste og takstnemnda sine Rammer og Retningslinjer ligg tilgjengelege i perioden 1. mars til 22. mars på følgjande stader:

- Servicetorget i heradshuset på Søreide
- Kommunen sine heimesider
- Kommunen si Facebookside

### Klage på eigedomstaksten:

Ei eventuell klage må sendast kommunen innan 12. april 2018. Ei klage må være skriftleg, og den må underskrivast.

### Kontaktinformasjon:

Ynskjer du nærare opplysningar om korleis eigedomen din er taksert eller har andre spørsmål om eigedomsskattevedtaket kan du henvende deg til kommunen sitt eigedomsskattekontor.

Telefon: 57 88 38 00

Det er og muleg å gjere avtale om andre tidspunkt.

Skriftlege henvendingar og klager skal sendast :

Gløppen kommune

Grandavegen 9

6823 Sandane

Eller :

post@gløppen.kommune.no

### Begrep:

- **Bruksareal (BRA):** Grovt sett bygningsarealet innafor yttervegg i ein bygning. For etasjar med skrå himling er det spesielle målereglar (*Norsk Standard-3940*).

Areal bustad: Heile arealet på bustadhus, inkludert garasjar, uisolerte boder og vinterhagar integrert i eller bygd inntil bustadhuset

Areal anna: Heile arealet på fritidsbustadar, næringsbygg, naust og frittstående garasjar og uthus

Areal alt.: Garasjeareal, uisolerte boder og vinterhagar integrert i eller bygd inntil bustadhus eller fritidsbustadar (Areal for korleksjon av sjablong)

Areal alt.2: Carportareal, enten frittstående eller bygd inntil andre bygningar

- **Vurderingsfaktor Indre:** Forhold på eigedomen som påvirkar eigedomen sin verdi, slik som standard, kvalitet og funksjonalitet
- **Vurderingsfaktor Ytre:** Forhold rundt eigedomen som påvirkar eigedomen sin verdi, slik som avstand til veg og nærleik til sjø
- **Sonefaktor:** Geografisk plassering i kommunen som påvirkar eigedomen sin verdi